ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Bjørn Erling Waage
Ievegen 196 B
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Are Frøysland Grande | 24.03.2021 |
| Vår: 20/11513 - 21/20487 | are.froysland.grande@alver.kommune.no | |

# Godkjent søknad om personleg ansvarsrett - gbnr 349/1

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr:** 384/21 |
| **Tiltakshavar:** | |
| **Søknadstype:** | Søknad om endring av ansvarsrett til personleg ansvarsrett |

**VEDTAK:**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. SAK10 § 6-8, godkjenner kommunen søknad om ansvarsrett som sjølvbyggar for tømrararbeid utført fram til 11.06.2020.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Saksutgreiing**:
Kommunen legg til grunn at historikken rundt ansvarsrettar er kjent. Kommunen sendte brev til ansvarleg søkjar, Hammar-Kameratane AS, 23.11.2020 med at fylgjande dokumentasjon måtte vera på plass for å komme vidare i saken;

1. Grensesnittet mellom gamle og nye ansvarsrettar må avklarast.

2. Tiltakshavar søkjar om sjølvbyggjar for den delen av tiltaket som er utført og ein ikkje klarer å innhente ansvarsrett for.

3. Det blir gjennomført uavhengig kontroll av den delen som tiltakshavar søkjer om  ansvarsrett for.

Kommunen la også til grunn i sin førebelse vurdering at ansvarsrettar knytt til SØK, PRO og KONT blei formelt avslutta 11.06.2020. Tiltaket har hatt opphald sida 11.06.2020 og at løyve difor ikkje fell vekk før 12.06.2022. Basert på den informasjonen

som kommunen har, og ettersending av dokumentasjon av 27.01.2021, er det ikkje nye moment som legg til grunn at dette er endra seg.

Ansvarleg søkjar har gjeve tilbakemelding i brev datert 25.01.2021 om fylgjande:

> Når det gjeld grensesnittet mellom nye og gamle ansvarsrettar elles;
> Det var berre tømrar- og røyrleggarbeidet som var uklårt.
> Tømrar er ivareteke jf. vedlegg.
> Når det gjeld røyrleggjararbeid; alt utvendig arbeid og framføring av VA er det Stendal AS som har og har hatt ansvarsretten på, det er og dei som har utført dette arbeidet, så dette er ok.
> Når det gjeld anna røyrleggjararbeid er det berre lagt ned varmesløyfer-/røyr som ligg i støyp inne, desse vert trykktesta av dei som no skal sluttføre, så her skal alt vere ivaretatt tenkjer eg.

**Vurdering**

*Gjennomføringsplan*

Det er levert inn ny gjennomføringsplan datert 27.01.2021 der ansvarsområda SØK, PRO og KONT er dekka. Kommunen legg til dei nye ansvarsrettane tek over for dei som vart avslutta frå 11.06.2020.

*Personleg ansvarsrett*

Tiltakshavar Bjørn Erling Waage og Else Marie Riise Waage har søkt om personleg ansvarsrett for tømrararbeid fram til 11.06.2020. I brev frå kommunen blei det skissert at det skulle gjennomførast uavhengig kontroll av arbeid utført av tiltakshavar. Denne uavhengige kontrollen blir gjennomført av Kleivdal Taksering AS. Dei skriv i sin plan for uavhengig kontroll datert 21.01.2021 fylgjande;

> *«Kontroll av utført tømrerarbeid pr. 11.06.2020. Kleivdal Taksering AS kan berre utføre en visuell befaring på bygget. Innbygde/skjulte feil ikkje kontrolleres. Det tas forbehold om skjulte feil og mangler som ikke kan oppdages ved en visuell befaring uten inngrep i bygningen.»*

For den delen av røyrleggjararbeidet som er gjort, er det opplyst at det vert trykktesta av dei som nå har ansvarsretten.

Ved søknad om personleg ansvarsrett er det opplyst at kompetansen ved personleg ansvarsrett er dekka gjennom bruk av innleid føretak. SAK10 § 6-8 legg til grunn at kommunen kan godkjenne ansvarsrett for personleg sjølvbyggar om personen sannsynlegggjere at arbeidet blir gjennomført i samsvar med bestemmelser gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova.

I denne konkrete saka er det søkt om oppføring av våningshus (b.kode 113). Tiltaket oppfyller såleis krava i SAK10 § 6-8. Sjølv om tiltakshavar har gjennomført eit arbeid som Hæve Bygg AS hadde ansvarsrett for, er det i søknaden om personleg ansvarsrett opplyst at det er nytta innleigd føretak. Hæve Bygg AS opplyser i sin trekking av ansvarsretten at det ikkje er gjennomført arbeid innanfor deira ansvarsrett. Av det arbeidet som er utført, er det gjennomført uavhengig kontroll av Kleivdal Taksering AS. Sjølv om skjulte feil og manglar ikkje kan verta avdekka av visuelle kontroll, legg kommunen til grunn at arbeidet er gjennomført i tråd med

krava. Det er også lagt vekt på i vurderinga at Hammer-Kameratane AS tek over tømrararbeid inkl. våtrom for den delen av arbeidet som allereie ikkje er utført.

Etter ei konkret vurdering vert det gjeve personleg ansvarsrett til Bjørn Erling Waage og Else Marie Riise Waage for det tømrararbeid som er gjennomført fram til 11.06.2020.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).
Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.
Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11513

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Are Frøysland Grande |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hammar-Kameratane AS | Hella 60 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Erling Waage | Ievegen 196 B | 5917 | ROSSLAND |
| Else Marie Riise Waage | Ievegen 196 B | 5917 | ROSSLAND |